

Til
Tage Båtsvik / Organisasjonsdirektør HR-ORGSTAB-ODU

Vår ref.:
23/01772-5

Dato:
20.03.23

Referat frå IDF-møte 4/23 (14.03.2023)

Tid: kl 09:00 – 09:45

Digitalt

Til stades:

Organisasjonane:

Eva Leirbæk, Parat
Tone Skjerdal, LO Stat/Norsk tenestemannslag (NTL)
Ingrid Grønsdal, Utdanningsforbundet (UDF)
Gjert Anders Askevold (Forskerforbundet (FF)
Pål-Albert Olsen, Akademikerne (AK)

Arbeidsgjevar:

Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør
Anette Fristad, avdelingsleiar for Avdeling for HR
Wenche Fjørtoft, seniorrådgjevar Avdeling for HR (referent)

Vernetenesta:

Hilde Kløften Duesund: Vara hovudverneombod (VHVO)

Sak 1 Drøfting av prosjektnotat fase 2 av vurdering av integrasjon av FIN og FØS

Det kom følgjande innspel frå **Organisasjonane**:

Tidsramma er stram, og det kan vere omsyn som tilseier at det er viktig å halde ei stram tidsramme. Men det viktigaste er at det er kvalitet i arbeidet som skal gjerast. Prosjektgruppa må gjere vurderingar undervegs og om det er realistisk å få fram ei styresak til 27. april med tilstrekkeleg kvalitet i arbeidet. Styret kan ev ha eit ekstra møte på denne saka.

Medråderett er viktig både i prosjektarbeidet, men også slik at medråderett vert ivaretatt på instituttnivået i det nye fakultetet.

Det er eit sterkt ønske at saka vert sendt på høyring i heile organisasjonen, ikkje berre i utvalde miljø/tilsettegrupper. Ei slik høyring må vere i prosjektgruppa sin regi. Prosjektgruppa må finne ein tenleg måte å få gjennomført ei høyring på.

Formuleringa i mandatet om ingen endring i administrative tilsette og at ein føl sine oppgåver er viktig, og må kommuniserast tydeleg ut.

Det er eit ønskje om representasjon frå administrativt tilsette i prosjektgruppa.

Det er eit ønskje om at det vert gitt forsikringar om at integrasjonen av dei to fakulteta ikkje fører til endringar i tal vitskapelege stillingar, slik det gjer for administrative stillingar i prosjektnotatet.

Organisasjonsdirektør:

Prosesen i fase 2 vil bygge på kunnskapsgrunnlaget som ligg i fase 1 der det er sagt noko om fagleg integrasjon. Ein vil også bygge på prinsippa som vart lagt i fusjonsplattforma når det gjeld prinsipp for organisering på instituttnivå.

Ein vil ha konsulterande prosessar undervegs i arbeidet.

I vurdering av samansetting av prosjektgruppa er det gjort avveging av storleiken av gruppa. I styremøtet vart det uttrykt at ein vil gjennomføre eit delarbeid i høve til administrativ organisering i det nye fakultetet.

Organisasjonane:

Det er uro i organisasjonen, det er mange tilsette som ikkje skjønner kvifor denne prosessen er naudsynt. Samstundes er det viktig at prosessen i fase 2 tek høgde for at dei tilsette blir høyrte på ein god måte. Ein forhasta prosess vil forsterke uroa.

Det blir understreka at det er uheldig at ein reknar med påskeveka i tidsplanen. Mange tek ferie på det tidspunktet og det er uheldig viss tidsfristane reknar med påskedagane.

Det vert føreslått å ha høyring tidleg i prosessen på delar av forslaga som ein skal ta stilling til. Å opne opp for innspel frå heile organisasjon har ein svært god verdi.

Organisasjonsdirektør:

Det vil bli gjennomført risikovurdering av avgjerdsprosessen.

Sak 2 Omstillingsavtale

Avdelingsleiar HR:

Det er nyttig å ha ein omstillingsavtale i endringsprosessar. Det vil kunne gje svar på mykje av det tilsette lurar på.

Vi føreslår ein omstillingsavtale for alle prosessane;

- utvikling av ein berekraftig studieportefølje,
- gjennomgang av organisering og dimensjonering av dei samla faglege, administrative og driftsmessige støttefunksjonane
- integrasjon av Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap og Fakultet for ingeniør- og naturvitskap

Saka vil kome til drøfting 27. mars.

Kopi til: Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap / Torbjørn Roloff Heyerdahl, Jens Kristian Fosse